

ÅRSMELDING 2010 VENER AV MJØSVÅGEN

Vedteke på årsmøtet 17.10.2011

Vener av Mjøsvågen har 30 betalende medlemmer, både grunneigarar, brukarar og andre interesserte.

2010 var eit aktivt og godt år for Vener av Mjøsvågen med stor og god aktivitet, ikkje minst med bakgrunn i at me fekk støtte våren 2010 som eitt-årig livOGLyst-prosjekt og har kunna engasjere kulturvitar Åse Nilssen som prosjektleiar. Det er Hordaland fylkeskommune, fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Norge som står bak livOGLyst-programmet. I tillegg yter Regionalt næringsfond for Osterfjord støtte til livOGLyst i Hosanger.

Det har vore 1 **styremøte** (rett etter årsmøtet 2010). Styret oppnemnde følgjande representantar for Vener av Mjøsvågen i styringsgruppa for **livOGLyst i Hosanger**: Lars Mjøs (leiar) og Veslemøy Gullachsen. Det har vore 3 møte i denne **styringsgruppa**; 3. mai, 14. juni og 30. august 2010. Ved det siste møtet var første del av møtet eit dialogmøte med arbeidsgruppa i livOGLyst i Hordaland.

Vener av Mjøsvågen søkte på nyåret 2010 om treårig-prosjekt i **livOGLyst**. Me lukkast ikkje å oppnå status som 3-årig prosjekt, men vart heldigvis teke opp som eittårig prosjekt i april 2010.

Åse Nilssen vart på ny engasjert som **prosjektleiar** og stilte på avspark-konferanse for alle livOGLyst-prosjekta i Hordaland i Austevoll 23.-24. april 2010.

Sesongopning for Galleriet og galleri-butikken i Skjæringahuset var 5. juni og det var ope kvar laurdag og søndag frå 15.00 til 18.00. Delar av sesongen var det kisteutstilling i Kisteverkstadene. Sesongopning for kafeen og treskoverkstadene var 13. juni og her var det ope kvar søndag. Sesongen varte til 22. august 2010 med avslutning med Mjøsaldsdagane i regi av grendarådet.

Sentrale satsingar 2010 har vore:

Pakke 1: Kunst- og kultur: opplevingar og praktisering. Her er nystarta Osterøy kunstlag den viktigaste aktøren med utstillingar, kurs m.m.

Pakke 2: Rockefestival Hosanger/ Mjøs-dalen musikkverkstad. P.g.a. lite aktivitet var det viktig å hjelpa til med å få aktiviteten i

sving att. Me kontakta livOGLyst Hordaland for å få nytta deira kompetanse og i samarbeid med Ole Øvretveit frå Plan Periferi på Glesvær, arrangerte me eit **Kompetansetiltak frå livOGLyst; Kulturproduksjon og arrangementsavvikling** med fleire kurskveldar; til motivasjon for ungdomane i musikkverkstaden. Trass i dette er aktiviteten på Musikkverkstaden førebels avvikla.

Pakke 3: Mat og lokal kulturhistorie. «Matlyst i Mjøsvågen» er eit konsept der ein kan få servert lokal, kortreist mat og me kan tilby ei kulturhistorisk vandring i dei gamle verkstadene og og sjøhusa som ligg kring vågen. På bestilling tek me imot opptil 20 personar for matsservering og omvising. På sumarstid vil kafeen verta nytta til matsservering og elles i året vil Skjæringahuset verta nytta. Me startar opp til sesongen 2011.

Pakke 4: Båtturisme – Den gamle dampskipskaia. 13. juni var D/S Oster i Mjøsvågen med kyrkjefolk frå Ostereidet til gudsteneste i Hosanger kyrkje, «Ei kyrkjeferd frå gamledagar». Dette var eit samarbeid mellom Vener av Mjøsvågen og sokneråda på Ostereidet og Hosanger.

Andre livOGLyst-arrangement:

LivOGLyst-bussen 14-15. okt. Bussen besøkte ulike livOGLyst-prosjekt i Meland, Samnanger, Kvam og Eidfjord. Åse Nilssen og Else Røsland var med frå Mjøsvågen.

Periferikonferansen 5. nov. deltok Åse Nilssen på.

På **livOGLyst-konferansen** 26. januar 2011 deltok Åse Nilssen, Kjell Mjøs og Veslemøy Gullachsen.

Foldar for Mjøs vågen for 2010 var laga av Siren Bysheim. Ho har også laga foldarar for sesongen 2011.

Åse Nilssen og Augon Johnsen har saman utarbeidd eit **kart for Mjøs vågen** med bilete av husa og historikken knytt til dei ulike husa. Kartet heng på Smieveggen og er tilgjengeleg på vår heimeside.

Toalettbygget vårt i Mjøs vågen vart innvia under julebordet til Treskoverkstad 4. des.

Vener av Mjøs vågen har ei flott **heimeside**, www.mjosvagen.no, som stadig vert oppdatert av Lars Mjøs. Osterøy kunstlag informerer gjennom heimesida www.gallerimjosvagen.no.

Facebook er blitt nytta for å reklamera for Mjøs vågen. Me har etterlyst ein smed til smia på Kleiva, me har lagt ut bilete om ledige bustadhus og reklamert for Mjøs vågen som arbeidsstad for kunstnarar og andre kreative personar. Galleri Mjøs vågen har også fått eigen Facebook-profil som vert oppdatert av Siren Bysheim.

Div. **søknader** som er innvilga:
BKK – kr. 10 000 – midlar til inkluderingsprosjekt
Fokus bank – kr. 10 000 – midlar til inkluderingsprosjekt
Osterøy kommune – 12 000 til Marka-kunstløypa
Hordaland fylkeskommune – kr. 10 000 til barne og ungdomsprosjekt.

Vener av Mjøs vågen har fått tildelt kr. 20 000 i midlar som skal brukast på eit **inkluderingsprosjekt**. I november var det planlagt ein inkluderingsfest i ungdomshuset i Hosanger. Alle i bygda vart inviterte og ulike lag og organisasjonar i bygda skulle presentere sine aktivitetar. Men dette arrangementet måtte dessverre avlysast då det var for få som hadde meldt seg på. Helseministeren og inkluderingssteamet vil i løpet av denne sesongen invitere til eit nytt arrangement der målet er integrasjon og mobilisering til aktivitet i bygda.

Vener av Mjøs vågen har fått ein del god **medie-omtale**, m.a:
Bygdanytt 8. juni 2010 – ”Lokalt galleri imponerer”
Bygdanytt 24. aug. 2010 – ”Spreke dagar i

Mjøs dalen” – Mjøs dalsdagane
Bygdanytt 12. nov. 2010 – ”Gjev gamle klede nytt liv” – Kurs i redesign

Styret har vore slik samansett:
Lars Mjøs, styreleiar
Veslemøy Gullachsen, nestleiar
Olga Marie Fanebust, kasserar
Kari Mjøs
Representant for musikkverkstaden (ikkje oppnemnd)
Varamedlemer:
Else Karin Tysse Bysheim
Aslaug Lønsethagen
Øystein Hole

Valnemnd oppnemnd av årsmøtet:
Kjell Mjøs (leiar)
Øystein Hole
Inge Rune Fanebust

Lars Magne Bysheim, **revisor**

Vener av Mjøs vågen er prosjektansvarleg for prosjektet **livOglyst i Hosanger** som har følgjande **styringsgruppe**:
Leiar Lars Mjøs frå Vener av Mjøs vågen
Veslemøy Gullachsen frå vener av Mjøs vågen
Kjell Mjøs frå Mjøs dalen grendaråd
Jostein Førre frå Osterøy kommune

Prosjektleiar: Åse Nilssen